



Jacob Hanssen (1892-1962): *Brente Steders Regulerings plan for gjenreisning av Bodø* (1943). Jacob Hanssen hadde først vore arkitekt i Narvik i 1919-21, seinare i Kristiania. Han vart så knytt til kontoret for gjenreisning av dei norske krigsskadde byane, Brente Steders Regulering (BSR) i 1940-41. Hanssen vart angripe etter krigen for å ha hjelpt til med å «forskjønne» den tyske byplanlegginga, blant anna gjennom dei handkolorerte teikningane av gjenreisingsbyane. Åttaka mot Hanssen førte til at han fekk si viktigaste produktive fase som arkitekt før krigen.

Foto: Dag A. Ivarsøy/Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, Stiftelsen Arkitekturmuseumet

## GJENREISINGSBYEN BODØ EIN OMSTRIDT BYPLAN SOSIALDEMOKRATIET GJORDE TIL SIN

AV STEINAR AAS

Då Noreg kapitulerte 10. juni 1940 var over 20 byar og tettstader sterkt eller delvis lagt i ruinar. Bodø var ein av dei, og vi skal sjå nærmare på denne byen i det følgjande. Korleis arta gjenreisingsprosessen seg, og kva var særleg utfordringane? Artikkelen skal også røre ved oppfatningane som verserer om byens karakter, særleg knytt til koplinga mellom gjenreisning og ideologi. Vart byen forma av nasjonalsosialistiske, tyske ideal, eller meir allmenne strøimmingar? Og korleis vart planane for Bodø behandla etter den sosialdemokratiske tidsalderen sitt inntog i 1945?

**D**å takstmenn hadde undersøkt dei krigsramma byane ut over sommaren og hausten 1940, var skadeomfanget stort. Nordmenn hadde aldri blitt utsett for denne typen øydelegingar, og dei færreste hadde sett for seg eit slikt skadeomfang. I Bodø var rundt 3 700 menneske av 6 000 utan tak over hovudet. Det gamle bysentrum vart stort sett jamna med jorda. Berre nokre få hus nede ved dampskipskaaien stod att, og dei delane av bysentrum som låg heilt aust i hovudgata, Storgata. Tidleg konstaterte ein at 420 av byens 760 hus var nedbrent, og av dei var 380 brukt til bustader. Så mange som 173 forretningar med stort og smått, var borte. Det vart rekna at 130 000 kvadratmeter golvareal, medrekna kontor-, lager-, skole- og forsamlingslokaler, var borte. I tillegg brann 80 % av dei karakteristiske bakgardane og uthusa inne i dei gamle bykvartala. Skadetaksten for Bodø var på ca. 26,5 millionar 1940-kroner. Byens styre og befolkning stod med andre ord overfor formidable utfordringar i 1940.<sup>1</sup>

På eit vis var ikkje Bodø i noka særstilling våren 1940. I Noreg vart 27 byar og tettstader øydelagt i større eller mindre grad. Etter kvart som krigen breidde seg i omfang vart fleire byar involvert i krigskaoset. Coventry og Plymouth i Storbritannia fekk begge omfattande skadar på grunn av det tyske Luftwaffes herjingar. Også i andre land som Polen, Nederland, Belgia, Frankrike og Finland stod ein overfor liknande utfordringar. Sidan krigsskadde byar ikkje var noko særnorsk fenomen i 1940, kan ein samanlikne prosessen og resultatet med dei an-

dre byane i både den tyskokkuperte og den frie delen av Europa.<sup>2</sup> Det spesielle med dei øydelagde norske byane i 1940, var at gjenreisinga skulle starte mens landet var okkupert av ei framand makt. Arbeidet skulle skje under tysk kommando, noko Finnmark og Nord-Troms slapp sommaren 1945.<sup>3</sup> Eit viktig spørsmål blir derfor korleis gjenreisingsprosessen gjekk føre seg under krigsøkonomi og tysk styre? Og, var det forskjellar i korleis denne prosessen gjekk føre seg i Noreg, samanlikna med for eksempel ein by som Gien i Loire-dalen i Frankrike, der den tyske okkupasjonsmakta også styrte arbeidet med den krigsskadde byen våren 1940?<sup>4</sup>

### ORGANISERINGA AV GJENREISINGA UNDER ANDRE VERDSKRIGEN

Sommaren 1940 var det eit akutt behov blant dei ramma kommunane for å få hjelp til å systematisere gjenreisinga. Det var omfattande utfordringar når det gjaldt eigedomsforhold, tomtefordeling, ekspropriasjon, val av hustypar, plassering av gatenett og liknande. Med Bygningsloven av 1924 hadde bykommunane tradisjonar med ansvar for byplanlegging, men oppgåvene var no så store at det var vanskeleg for dei å hanskast med dette arbeidet på eiga hand. Det skorta på ekspertise, erfaring og pengar. Det nyoppretta Administrasjonsrådet fekk ansvar for forvaltninga av dei okkuperte områda våren 1940. Dei tyske okkupantane såg så for seg at Administrasjonsrådet skulle erstatte London-regjeringa. Slik vart det ikkje. Rådet fekk berre

<sup>2</sup> Hubbard, Faire og Lilley, 2003, s. 380

<sup>3</sup> Dancke, 1986, s. 9

<sup>4</sup> Tvinnereim, 1990, s. 123



Bodø sentrum var stort sett utsletta etter bomberegnet 27. mai 1940. Det kom ikkje opp igjen før mot slutten av 1940-åra, og i mellomtida skulle folk leve gjennom ein krig i eit ruinlandskap.  
Foto: Håkon Østensen/STMU's fotosamling

verke over sommaren 1940. På den tida tok dei hand om gjenoppbygginga. Dei organiserte dessutan gjenreisingsorgan som *Gjenreisningsavdelinga i Justisdepartementet*, *Brente Steders Regulering (BSR)*, *Krigsskadetrygden*, *Krigsskadetrygdens gjenreisningsnemnd* og *Distriktsarkitektene*.<sup>5</sup>

Brente Steders Regulering skulle leie og utføre planlegginga i dei brente og øydelagte byane og tettstadene. Administrasjonsrådet ba arkitekt og professor Sverre Pedersen (1882-1971) frå Trondheim om å vere leiar for BSR, og den 1.

juli 1940 var prosjektet i sving. Pedersen prega gjenreisingsarbeidet, med assistanse frå andre kjente byplanleggarar som reguleringsjefane Harald Hals i Oslo og August Nielsen i nabokommunen Aker. Begge desse to hjelpte til i arbeidet med å låne ut tilsette frå sine respektive kontor. Det meste såg ut til å vere under norsk kommando frå starten av.<sup>6</sup>

BSR låg under *Gjenreisningsavdelingen* i Innenriksdepartementet, som fekk to reguleringsarkitektar plassert i Nordland. Ein med ansvar for dei krigsskadde kommunane sør i fylket; Bodø, Fauske, Saltdal og

<sup>1</sup> Coldevin, 1966, s. 430

<sup>5</sup> Grimnes, 1984, s. 188-189. Dancke, 1986, s. 350

<sup>6</sup> Tvinnereim, 1990 (b), s. 10



Hemnes. Den andre med fokus på Narvik og omlandet kring. Arkitektane i BSR fekk òg ansvar for å arbeide ut sone- og reguleringsplaner for nærliggande områder utafor sine ansvarsfelt. *Krigsskadetrygdens gjenreisningsnemnd* sine distriktsarkitekter fikk ansvar for å yte hjelp med byggesøknader, og gjøre saksbehandlinga enklare med dei utfordringane statleg godkjenning av byggesøknader medførte.<sup>7</sup>

Etter kvart oppretta også den tyske okkupasjonsmakta ein institusjon for byplanarbeidet. Under Reichskommissariat (RK eller Rikskommissariatet) i Oslo fekk leiaren Joseph Terboven eit særskilt kontor ved avdelinga *Technik und Verkehr*. Det skulle ha tilsyn med planane for dei brente norske byane, og her vart baurat Luther kontaktperson. Han rapporterte til oberbaurat Hans Stephan i Berlin, og øvste sjef for han igjen var Adolf Hitler sin betrudde ekspert innan byplanlegging, professor og Generalinspektør Albert Speer. Reichskommissariatet oppretta også såkalla Ausendienststelle («Utekontor») i kommunane. Bodø fekk også ein slik ansvarleg lokalt plassert. Sektoren for byplansaker vart med andre ord eit administrativt villnis av små og store tilsynsførarar. Mangt låg til rette for konflikter.<sup>8</sup>

### «ALBERT SPEERS FASCISTISKE SCENOGRAFI TIL LY MOT VÆRET»

Sverre Pedersen vart involvert i Bodø-planen frå starten, gjennom 1920-års byplankonkurranse. Då nådde han ikkje opp fordi han valte å sjå bort frå viktige krav i utlysinga.<sup>9</sup> Pedersen fekk massiv

kritikk for si rolle i gjenreisninga under okkupasjonen og vart utestengt frå sitt eiga arkitektforbund etter krigen som straff. Peter Butenschön insinuerte så seint som i 2009 at planarbeidet hadde blitt skitna til av ideologisk grums. Arkitekturen til BSR vart prega av «Albert Speers fascistiske scenografi til ly mot været»,<sup>10</sup> eller som Butenschön også har formulert det: «Tysk okkupasjon av Norge i 1940 ble en kamparena mellom sosialt orientert funksjonalisme og en mer monumental germansk orden – mellom nytenking og tradisjonisme, mellom urbant og ruralt. Denne konfrontasjonen ga sterke føringer for den norske planleggingen av byer i tiden som fulgte.»<sup>11</sup> Gjenreisingsbyar som Bodø vart nazistisk inspirert, og Pedersen vart «Hitlers store scenograf [...] i kors-tog for føreren [...] Med maktbegjær og ambisjoner red han de romantiske strømningene fra forrige århundre lukt inn i det teknokratiske helvete», som Butenschön karakteriserte det.<sup>12</sup>

At Pedersen skulle ha noko sterk, sjølvstendig rolle som leiar for BSR, var etter Butenschøns mening heller ikkje dokumentert. Tvert om handterte han tyske ønskemål og direktiv: «Pedersen måtte godta denne tyske styringen, uten protester». Det kom av at BSR låg under «strengt tysk oppsyn», fordi Luther skulle ha planen inn for gjennomsyn og revisjon, i mot tidlegare, der det norskstyrte departementet approberte planane.<sup>13</sup>

Det er derfor naturleg å stille to spørsmål ved arbeidet til BSR i Bodø. For det



Storparten av Bodø vart verande eit ørkenlandskap etter bombenes fall. Berre nokre enkle piper stod att etter brannen, som meieriet sine i bakgrunnen til venstre. Gatemønstreret og infrastrukturen under bakken vart likevel vidareført som før. Slik vart det kontinuitet i byplanlegginga og kommunen sparte pengar.  
 Foto: Håkon Østensen/STMUs fotosamling

første: Vart planprosessen eit så sterkt brot med tidlegare planar som det Butenschön gjev inntrykk av, eller fanst det noko form for kontinuitet med planane frå før okkupasjonen? Det andre viktige spørsmålet er i kor stor grad dei lokale styresmaktene i byen, og innbyggjarane, tok del i og påverka planprosessen.

Ved første augekast kan det sjå ut som om gjenreisninga vart høgt prioritert av tyskarane. Det vitnar i alle fall prioriteringa til den øvste tyske leiinga om, i og med at

dei ville ha oppsynet.<sup>14</sup> På den andre sida stod dei norske fagfolka, med få unntak, fritt til å utarbeide reguleringsplanar for dei brente byane heile sommaren 1940. Det var først om hausten okkupantane tok til å vise markant interesse for reguleringsarbeidet. Då kom oberbaurat Hans Stephan til Norge, og saman med Luther og Pedersen reiste han rundt for å sjå på nokre brente byar. I samband med denne reisa kalla Stephan saman norske arkitekter og andre involverte fagfolk til eit møte

7 Karlson, 2008, s. 77-78  
 8 Tvinnereim, 2004, s. 4  
 9 Tvinnereim, 2015, s. 125

10 Butenschön, 1980, s. 179  
 11 Butenschön, 2009, s. 63  
 12 Butenschön, 1980, s. 232  
 13 Butenschön, 2009, s. 66-67

14 Tvinnereim, 1990, s. 11

i Oslo, der han ga eit føredrag om tysk byplanlegging. Dette var heilt klart eit propagandainnlegg for tyske nazi-idear. Dei norske fagfolka vart dessutan invitert på studietur til Tyskland av Generalbauinspektør og professor Albert Speer. Her fekk dei informasjon om tysk bybygging og -regulering, også dette i pakt med nyordningas ideologi.<sup>15</sup> Vi veit lite om kva slags arkitektoniske tilrådingar foredraget ga, eller i kor stor grad det påverka arkitektane. Det er derfor å trekke det langt å seie at det hadde ein direkte følgje for utforminga av byane i tida etter. Vi veit nemleg kva svar Pedersen ga dei tyske myndigheitene som respons på utspelet etterpå. Det skal vi sjå på under.

Ved dette møtet vart det gjort kjent for norske arkitektar at byplanarbeidet var under kontroll av den tyske okkupanten. Alle planar skulle inn til endeleg tysk godkjenning, og all permanent bygging i dei brente stroka vart stoppa. Sverre Pedersen likte ikkje utviklinga. I fleire dokument uttrykte han at tysk intervensjon i reguleringa var eit inngrep i arbeidet hans. Han drog likevel på studietur til Speer, fundert i eit ønske om å sikre at norske byplanar vart utforma av nordmenn som tok omsyn til norske interesser. Men trass i formaningar, ideologiske føredrag og studieturar var det enno ikkje slik at det var utarbeidd retningsliner for korleis planane skulle sjå ut på detaljnivå. Eit unntak var det derimot i at tyskarane hadde heilt konkrete merknader om at byplanane måtte ha store, opne plassar og breiare gater, noko vi såg Butenschön tolka som nazistisk grunnitt.

Kva var det så Pedersen rapporterte til sine tyske overordna? Pedersen tok sjølv vare på sine kopiar av brev sendt til Tyskland under krigen og deponerte dei til Statsarkivet i Trondheim. I ein rapport sendt i 1941 heiter det mellom anna at bygningskvartala var planlagt meir lukka i Bodø enn i Kristiansund, fordi klimaet er hardare i Bodø enn i Mørebyen, men at det uansett vart tatt omsyn til tilgangen på lys og sol i kvartala i begge planane.<sup>16</sup>

### BODØS «NAZISTISKE» BYPLAN

Mye kan tyde på at Pedersen rapporterte nokså overflatisk og styrte skuta vidare som før. Det låg med andre ord ikkje hindringar i vegen for å gjenreise byane etter lokale og regionale tradisjonar sommaren og hausten 1940.<sup>17</sup> Korleis arta dette seg sett frå dei lokalsamfunna der arbeidet gjekk føre seg? I Bodø har det vore ei allmenn og folkeleg oppfatning at byen har vore gjenreist etter tyske kart og retningar, og utsegna frå Butenschön har medverka til slike slutningar. Vart Bodø så ein gjenreist by inspirert av «Albert Speers fascistiske scenografi til ly mot været»?<sup>18</sup>

Byplanfeltet var under rivande utvikling internasjonalt på 1920- og 30-talet. Både Sovjetunionen og Italia gjekk føre med skaping av mønsterbyar som skulle spegle dei nye ideologiane der. Eksempel frå Magnetogorsk (Sovjetunionen), og nye italienske byar som Littoria (1932), Pontinia (1933), Sabaudia (1934), Aprilia (1937) og Pomezia (1937) syner slike sterkt ideologiske og politiske prosjekt. Samstundes visar desse italienske by-



Kart over gamle Bodø sentrum før brannen 27. mai 1940.  
 Kjelde: AS-05/109 Brente Steders Regulering/Arkiv i Nordland

ane også meir allmenne trendar og utviklingstrekk innan europeisk byplanlegging. Mange som arbeidde med arkitektur og byplanlegging var farga av kvarandre i denne tida, nær sagt utan omsyn til heimstamn.<sup>19</sup> I byplanar frå ein by som italienske Sabaudia finn ein derfor mange av dei same trekka som i Bodøs gjenreisingsplan, fordi dei begge baserte seg på ei byplanlegging prega av internasjonale trendar i samtida.<sup>20</sup>

Ideane til Ebenezer Howard frå Storbritannia om «hagebyen», vann stor opp-

slutnad blant norske byplanleggjarar og norske lokalpolitikarar. Folk ville gjerne ha eit sjølvstendig ståande hus med hage, og slik utvikla Bodø seg kring det gamle bysentrum utover på 1920- og -30-talet. Sverre Pedersen var påverka av «klassisismens vektlegging av akser og symmetri», så vel som dei britiske hageby-ideala. Dette siste idealet tok til orde for sonedeling av funksjonane i byen, med gode, grøne boligforhold for alle, der lys, luft og utsyn til omkringliggende natur stod i høgsetet, slik vi såg det formulert i rapporten til Luther over. Dette var med andre ord teikn i tida, som heller ikkje Bodø verken var eller vart urørt av.

<sup>16</sup> Arkivet etter Sverre Pedersen, Ms-SP 376-378

<sup>17</sup> Tvinnereim, 1990, s. 12

<sup>18</sup> Hage, 2008, s. 378

<sup>19</sup> Aas, 2014, s. 407ff

<sup>20</sup> Caprotti, 2006, s. 33

<sup>15</sup> Tvinnereim, 1990, s. 11-12



Sentrale funksjonar i bybildet vart framheva ved at såkalla aksiale grupperingar av viktige bygg vart lagt i samanheng med opne plassar. I ein av rapportane til Luther gjorde Pedersen det til dømes klårt at nedafor byens «sentralplass» – Solparken med omkringliggende bygningar – skulle det ligge ein «marknads plass». Post- og telegrafbygg og rådhuset vart plassert rundt dette torget. I eit av framlegga ville dessutan arkitektane Blakstad og Munthe-Kaas ha med ein kino i sitt rådhusutkast. Dette vart seinare forkasta av Luther. Her finn ein altså eit døme på at det var avgjerder i tysk forvaltning som fekk betydning for det vidare arbeidet lokalt. Om dette hadde samanheng med nazistisk ideologi er derimot meir tvilsamt.

Generelt var det eit mål for Pedersen å plassere sentrale bygg eller landskapstrekk, som fjell eller øyer, i fonden (it.: *in fondo* = i nerenden) av ei brei gate. Desse haldningane til byutvikling hadde allmenn tilslutning blant folkevalte og byråkratar i Bodø. Slik vart øya Landegode ein fond i enden av Torvgata i nord, og Børvasstindan fonden i den same gata i sør. Dette var ein av Pedersen sine gamle kjepphestar i all byutvikling og hadde såleis lite med nazistisk ideologi å gjøre.<sup>21</sup>

### BODØS PROSESS OG RESULTAT

Våren 1940 var folks mangel på bustader i Bodø desperat, så allereie i juni same år møtte formannskap og kommuneforvaltninga for å starte gjenreisingsarbeidet.<sup>22</sup> Før BSR vart skipa hadde

kommunen engasjert Kristofer Lange for å hjelpe til. Han var ein av dei fremste på feltet og kjente byen gjennom sitt førstepremieutkast i byplankonkurransen i 1920-åra. Dei siste justeringane av denne planen var godkjent av departementet så seint som i 1939.<sup>23</sup> Lange fekk eit klårt mandat etter møtet med Bodø kommune. Byens styresmakter ville «i størst mulig utstrekning» halde fast ved gate- og vegnett, og vatn- og kloakkanlegg i den gamle planen. Den nye byen skulle så og seie tre inn i rammene til den gamle, slik at eksisterande infrastruktur både over og under bakken kunne gjenbrukast.<sup>24</sup> Dette arbeidet skjedde altså nokså ubunde av BSR, og heilt utan kontroll frå Berlin. Heller ikkje Reichskommissariatet hadde komme i gang med arbeidet med gjenreisninga i Oslo.<sup>25</sup>

Den 2. august låg det første utkastet til regulering av brannstroket i Bodø føre for formannskapet. Planen var utforma i samarbeid mellom byingeniør Knutsøn i Bodø og Kristofer Lange. Formannskapet – altså det som hadde vore formannskap også før okkupasjonen – slutta seg til planen. Deretter vart Bodø-gjenreisninga lagt inn i BSR-folden, men Sverre Pedersen valte å gje Kristofer Lange fullmakt til å arbeide vidare med Bodøplanen. Lange samarbeidde både med «B.S.R. og de stedlige myndigheter», noko han oppfatta som ein føresetnad for eit godt resultat.<sup>26</sup>

Bodø vart likevel ikkje urørt av Reichskommissariat Joseph Terbovens politiske og administrative innstramming av det



Kart som viser det som vart borte etter brannen 27. mai 1940.  
 Kjelde: AS-05/109 Brenste Steders Regulering/Arkiv i Nordland

sivile samfunnet i september 1940. Med avviking av Administrasjonsrådet, og ytterlegare tilstrammingar i kommunalstyringa i januar/februar 1941, skjedde det eit regimeskifte både sentralt og lokalt. Reguleringsplanar vart inndratt for at det tyske okkupasjonsstyret skulle sjå gjennom dei i oktober 1940. Fram til februar 1941 stoppa alt planarbeid opp. Den 1. februar 1941 skreiv Luther at det var ein del å innvende mot detaljane i Bodø-planane: 1. Torvgata vart for smal og for lite bein frå Kongens gate ved museet og ut forbi den planlagde skolen. 2. Vegen vestover mellom museet og ei planlagt kyrkje måtte falle bort. 3. Kvartala mellom Kongens

gate og Dronningens gate måtte bli opnare, og ikkje som planlagt, lukka. 4. Ein måtte halde lagerskura borte frå området framfor hurtigrutekaia.<sup>27</sup>

Eit anna moment som dei tyske planstyresmaktene hadde innvendingar mot, var framlegg om flate tak. Det var «ikke tillatt», som det heitte i ei fråsegn frå Tyskland. Med funksjonalismen hadde flate tak blitt introdusert i Bodø på 30-talet, gjennom *Margarinfabrikken Norge*, nokre enkeltvillaer, nybygget til Grand Hotell og Sjøfartsbygningen. At dei flate taka vart borte, var ikkje berre på grunn av den tys-

27 Sverre Pedersen samling, MS Sp-376-378

21 Jakhelln, 1990, s. 29

22 arkivportalen.no/arkivportalen-web/side/aktor/detaljer.jsessionid=ae8aff77e7533e3ed4bfab39a23?aktorId=no-a1450-01000001384038 *Nordlandsposten*, 11. juli 1940

23 Fougner, 1916

24 BSR-arkivet, Kamstrup, s. 11

25 BSR-arkivet, Kamstrup, s. 10

26 BSR-arkivet, Kamstrup, s. 10

ke arkitektoniske dreininga under krigen. Flate tak i Nord-Noreg har møtt mistru, og har vore sett på som lite praktiske, med lengre vintrar og større snøfall enn andre stader. Vi veit lite om korleis denne ordren vart mottatt i Bodø, men bygg som hadde flate tak vart endra til valmtak også etter krigen. Dette skjedde med andre ord heilt ubunden av det tyske nazistirets pålegg.<sup>28</sup>

Bodø kommune vedtok ein plan for gjenreisinga, datert 10. februar 1941. Vedtektene vart deretter lagt fram for bygningrådet i kommunen og vedtatt i noko endra form 7. april 1941. Planen vart stadfesta 26. august same året. Då hadde byen NS-ordførar og eit byting som var oppnemnt av departementet. Fleirtalet av medlemmane i dette var med i NS, og det gamle bygningrådet vart skifta ut i 1941, men det var kontinuitet i arbeidet og vedtaket vart vidareført her.<sup>29</sup>

## NYE BODØ

Claus W. Kamstrup, som var reguleringsarkitekt i Bodø etter krigen, meinte at det var små forskjellar mellom Kristofer Langes vinnarplan frå før krigen, og den vedtekne planen frå 1941. Ingen «større omlegginger av gatenettet» skjedde. Endringane begrensa seg stort sett til «enkelte utrettinger og til opplegg av større bredder for hovedgatenes vedkommende». Dessutan vart Sjøgata og Storgata begge utpeikt som hovudtrafikkårer med større breidde enn andre gater. Derfor vart Sjøgata seinare ført vidare fram til Snippen,

slik at denne gata saman med Storgata utgjorde ein to-blads gaffel som delte trafikken frå Riksvegen og inn til byen. I framtida måtte byar rekne med auke i biltrafikk, og gjennom dette grepet fekk Riksvegen ei kopling både opp mot ein framtidig jernbanestasjon, eit nytt torg og forretningsstroka i sentrum, og ein ny rutebilstasjon i vest. Med dette grepet vart også vegtrafikken kopla opp mot hamna og hamnelagra som vart planlagt langs den nyregulerte Sjøgata.<sup>30</sup>

I Bodø ønskte ein som sagt å nytte ideane til Pedersen ved å utnytte terrengformasjonane i landskapet arkitektonisk. Viktige monumentale, offentlege bygningar skulle framhevast ved at dei vart plassert på brinken over strandflata og forretningsbygningane.<sup>31</sup> Kyrkja og rådhuset var to slike bygningar, som dessutan skulle få ein Riksplass ved sida av og ein tilstøytande allmenning med plass til biltrafikk, fotgjengarar og eit lite parkbelte. Dette grønne beltet – i realiteten eit brannskilje – skulle leie frå Riksplassen og ned skråninga mot hamna og torget, og fekk namnet Torvgata.<sup>32</sup>

Bygningane i den nye sentrumsplanen var dominert av murbygg, og husa skulle som i de fleste andre gjenreiste bysentra, vere tre etasjar i det sentrale forretningsstrok. Berre pakkhus og industribygningar langs hamna skulle kunne komme opp i fire høgder. Rundt dette sentrale sentrumsområdet i pussa mur kunne ein nytte tre som byggemateriale. Anten kunne ein, som i villastroket overfor byen, byggje enkelthus på små tomter med grønne hagar

rundt, eller så skulle det reisast rekkehus i tre, to og fleirmannsbustader i overgangen mellom sentrum i mur og den heilt opne, frittliggande trehusbebyggelsen.<sup>33</sup>

Tar ein eit sideblikk til fransk byplanlegging i denne fasen, finn ein nokolunde felles trekk i byplanane der også. Dei 8 500 innbygarane i franske Gien i Loire-dalen stod overfor ein lik situasjon som Bodø med 442 totalskadde hus etter bombinga i juni 1940. Ein arkitekt vart sett på arbeidet med den nye byen, og resultatet av planteikningane førte til utviding av eksisterande vegar, etablering av nye gjennomfartsårar, soneplanar for industriområdet og hagebyar der framtidige bustader for arbeidarane vart lagt. I tillegg skulle det opp eit heilt nytt forretningsstrok sentralt i byen, etter det same mønstret som Bodø.<sup>34</sup>

## NAZISTISK INSPIRASJON?

BSR hadde ambisjonar om å gjøre sentrumsplanen for Bodø meir avklart enn den hadde vore frå før. I eit tydelegare, rektangelforma gatenett skulle ein skape meir «bevisst komponerte plasser», har Ingebjørg Hage forklart.<sup>35</sup> Det var truleg også her overbygningsråd Hans Stephan, kom inn i bilete og farga byplanane. Dersom dei var for dårleg dimensjonerte, med for smålåtne gater, eller for lite tydelege utformingar av plassane i bysentrum, måtte det utbetrast. Plassar og gater måtte få ein «verdig og autoritativ karakter», skriver kunsthistorikar Sigrid Fløttum Kristoffersen om denne planen. Torga måtte dessutan utformast som

«oppmarsjgate» og «appellplass», skriv ho. Dermed føyar ho seg til Butenschön i tolkinga av Bodøs byplan.<sup>36</sup> Når Stephan hadde komme heilt frå Berlin for å instruere BSR i oktober 1940, satt dei lokale arkitektane og planleggarane i BSR igjen med eit ønske om «litt større dimensjoner og plassanlegg med rene klare linjer som var mer i pakt med dynamikken i de nasjonalsosialistiske ideene», som Butenschön formulerte det.<sup>37</sup>

Kritikken frå Butenschön vart eit framhald av det oppgjøret Pedersen vart ramma av etter krigen, for hans samarbeidsvilje under okkupasjonen. Det handla også om Pedersen sine idear om planlegging og arkitektur. Etter krigen skulle nemleg arkitektane søkje ei meir uformell formgjeving, som kunne «uttrykke de demokratiske verdiene i samfunnet». Alt i 1944 starta kritikken mot BSR og dei samarbeidande arkitektane i Noreg, gjennom Johannes L. Borchsenius sin kritiske artikkel skrive i eksil i Sverige. Her framheva han korleis byen burde «vokse naturlig opp etter de skiftende behov», at folket som budde der fekk bygge den og «prege den og gi den liv og historie». Det demokratiske samfunnet måtte avvise «ensartede paradebyer», og heller velje «byer med sjel og hjertelag». Ein måtte ta omsyn til naturforhold og «stedlige forhold», saman med prinsippa om naboskapseiningar, sonedeling av byen og ein open bebyggelse.<sup>38</sup>

Det er ikkje klårt korleis denne kritikken skulle ramme ein byplan som Bodø. Sonedelinga av byen vart klårare med gjenreisingsplanen enn det den før hadde

28 Bodø kommune, Bodø kommunes budsjett 1945/46, Sak 321/45:71-73

29 BSR-arkivet, Kamstrup, s. 11

30 BSR-arkivet, Kamstrup, s. 10

31 Hage, 2008, s. 380

32 Hage, 2008: s. 381

33 Hage, 2008: s. 381

34 Newsom, 2009, s. 51-52


35 Hage, 2008, 381

36 Kristoffersen, 1990, 11

37 Butenschön, 2009, s. 67

38 Hage, 2008, s. 379





Kart som viser korleis byen skulle bli etter gjenreisinga. Legg merke til at kyrkja er borte, og at Solparken fekk eit nytt bygg inne i parken, vis a vis rådhuset. Elles var alle byggar i sentrum erstattet av murbygg. Gatennettet var retta noko ut, og nyskapingane Bankgata og Sjøgata vart ført heilt opp til Snippen for å lette den framtidige trafikkauken med bil i byen. Det var òg lagt inn brannbelter langs Bankgata og Torvgata. Reint bygningsmessig vart det gjort fleire endringar av dette utkastet etter krigen, men gatestrukturen vart i hovudsak gjennomført etter planen.

Kjelde: AS-05/109 Brenste Steders Regulering/Arkiv i Nordland

vore. Omsynet til naturforhold og «stedlige forhold» vart òg tatt vare på. Den opne bebyggelsen vart sikra utafør murtvangsområdet i bysentrum. Borchsenius' kritikk treffe med andre ord ikkje blink når den prøvde ramme Bodøs BSR-plan.

### UDEMOKRATISK OG SENTRALSTYRT PROSESS?

Ei viktig innvending mot reguleringsplanen var at gjenreisinga vart diktert frå Berlin. Var det slik? I Bodø hadde reguleringsplanen først blitt behandla av Bygningsrådet, og seinare blitt konfirmert av det NS-initierte bytinget. Undervegs

var både tidlegare ordførar og den nye NS-ordføraren involvert i arbeidet. Først engasjerte kommuneforvaltninga Lange til å utforme ny byplan for det brente sentrum. Deretter vart planen behandla i kommunale organ, som rett nok ikkje var demokratisk valt gjennom tradisjonelle valordningar, men oppnemnt av departementet. Likevel var alle som sat i Bytinget frå Bodø, og dei representerte ulike delar av samfunnet. Alle var ikkje medlemmar i NS heller.

I Noreg sikra Bygningslova av 1924 kommunal innverknad i planarbeidet. I følgje *Norsk bygningsrett* av Emil Stang

var målet til denne lova «å regulere bygnaden (bebyggelsen) særlig i byer og tettbyde strøk, slik at den tilfredsstillende ferdselens, ildsikkerhetens, sunnhetens og skjønhetens krav». Når ideal og krav frå lova var fullt ut tatt omsyn til av planutkastet til Kristofer Lange, var det med andre ord lite å kritisere planarbeidet for.<sup>39</sup>

Det er gjort komparative studiar av seks gjenreisingsbyar i Japan og Storbritannia, der forskarteamet fann at både den britisk og japanske gjenreisinga etter andre verdskrigen vart sterkt kritisert for å ikkje vere demokratisk. Det vart for sentralstyrt, og førte til at ein ikkje lukkast med å legge til rette for moderne trafikkavvikling, slik ein klarte i Bodø. Ikkje fekk ein redusert folketettheita i sentrumsstroka heller, ulikt i Bodø, der langt fleire fekk plass i betre bustader med romslegare plass. I Japan og Storbritannia var det dessutan eit problem at ein ikkje klarte å skape nye offentlege plassar, parkar og grøne belte, som det vart lagt vekt på i planarbeidet i Bodø. Sett i det perspektivet kom Bodø truleg betre frå det enn sine likemenn i dei utbomba byane i Japan og Storbritannia. Ein særleg grunn til dette resultatet i desse to landa var mellom anna mangelen på hjelp frå dei sentrale styresmaktene. I utgangspunktet hadde regjeringa Atlee i Storbritannia villa fremme radikale endringar i planprosessen, men når det kom til stykket vart fokus retta inn mot eksportnæringane og produksjonssektoren. Dermed forsøkte ein å halde tilbake på ekstravagant ressursbruk

i gjenreisinga. Det same var tilfelle i Japan, der amerikanske styresmakter først og fremst ville gjenreise landet økonomisk. I desse landa var truleg innstillinga meir prega av behovet for å bygge opp landa i tråd med dei tilgjengelege ressursane.<sup>40</sup> I Bodø er skoleutbygginga eit døme på at det sjølv sagt var ein del kontroversar knytt til ressursbruk, men at desse ikkje i så stor grad slo i gjennom i Noreg. Her hadde ein idear om å bygge eit godt samfunn, trass i dei ekstraordinære forholda som krigsøkonomien og rasjoneringstida skapte. I eit intervju med *VG* forklarte Skoledirektøren i Nordland sommaren 1950, at berre ein fjerdedel av elvane i fylket hadde sløyd og handarbeid, og at det berre fanst elleve skolekjøkken og 52 gymsalar i fylkets 613 skolekrinsar. Samtidig let han ikkje vere å nemne at fylket kunne «rose seg av én skikkelig god skole», Bodøs nye folkeskole, som hadde to gymsalar aleine, sløydsalar, handarbeidsrom og alt det som ein elles venta av framtidens skole i etterkrigs-Noreg. Etter krigen kan det synest som om haldningane til dette var breitt fundert i dei fleste politiske miljø.<sup>41</sup>

Kva så med kontroversane under krigen mellom representative, lokale organ og det nye NS-regimet? Sjølv kronksempel på diktat, lite demokratisk sinnelag og mangel på folkeleg oppslutnad kom for ein dag då spørsmålet om plassering av NS-huset kom opp på dagsorden. Det skulle inn på Riksplassen, vis-a-vis post- og telegrafbygginga, meinte eit par i den lokale NS-leinga. Den store, opne plassen

<sup>39</sup> Newsom, 2009, s. 51-52. Om norsk byplanlegging og lovgjeving/forvaltningstradisjon: [regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/nouer/2003/nou-2003-24/5/1/2.html?id=372269](http://regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/nouer/2003/nou-2003-24/5/1/2.html?id=372269) og Stang, 1943, s. 2

<sup>40</sup> Tiratso, Hasegawa, Mason og Matsumura, 2002, s. 93-96  
<sup>41</sup> *Nordlandsposten*, 13. januar 1950

framfor bygget skulle kunne nyttast i diverse politiske samanhengar, som paradar og oppstillingar. Dette førte til ein strid mellom bygningsrådet og NS, fordi kyrkja måtte vike plass for NS-huset.

Det er verdt å merke seg at det ikkje var Sverre Pedersen i BSR eller den tyske leiinga som reiste dette kravet. Det var heilt og halden eit lokalt ønske frå Nasjonal Samling sin fylkesfører i Nordland, Leif Rabben. Han protesterte sporenstreks mot Langes planutkast av april 1941,<sup>42</sup> og ba om at det raskt vart reservert plass til eit NS-hus i forlenginga av ein open plass. NS-ordføraren følgde opp og slo til lyd for å flytte kyrkja til eit anna kvartal i byen (nr. 32), der skolen hadde ligge før brannen, og som seinare fekk namnet Østre Skolepark.<sup>43</sup>

Bygningsrådet protesterte og meinte NS-huset måtte vike, og i høgden leggest omkring der dagens musikkpaviljong ligg i Solparken, vis-a-vis der rådhuset skulle opp. Bygningsrådet vedtok samrøystes ei slik plassering 15. mai 1941. Ordføraren lot seg ikkje dupere, og vedtok eigenhendig å flytte kyrkja slik Rabben hadde foreslått. Vedtaket vart ikkje lagt fram for Bytinget, noko fleire bygningsrådsmedlemmar reagerte på. Dei protesterte også på at saka ikkje vart framlagt for meinighetsrådet. Fire av bytingsmedlemmane tok derfor dissens i saka. På nyåret i 1942 vart desse bytta ut til fordel for fire andre med NS-bakgrunn. Ein skal ikkje sjå bort frå at det skjedde fordi dei hadde uttrykt sin kritikk av vedtaket om kyrkja og NS-huset året før.<sup>44</sup>

Korleis såg så Innenriksdepartementet

på planprosessen og approberinga av planen? Då planen kom dit vart denne raskt returnert til Bodø igjen den 19. august 1941. Årsaka var at det mangla eit sameint vedtak. Bodø vart derfor bede om å rydde opp, og ordførar Seglem svarte straks at det var hans vedtak som var det gyldige: «Kirken skal plasseres utenom det regulerte område [...]», konstaterte han.<sup>45</sup> I ein kommentar til saka uttalte Kristofer Lange at vedtaket kom til å bli «kirkefolket en torn i øyet i all framtid». Han visste at ordføraren var på kollisjonskurs med folk i byen, men det hjalp lite. I det endelege reguleringskartet over Bodø sentrum, vart kyrkja bokstaveleg viska ut, og oppå vart det limt ein svart lapp med romartall IX. I forklaringa til kartet vart det ført opp at romartalet betydde «partihus». Sigrid Fløttum Kristoffersen har forklart at verken Sverre Pedersen eller Kristofer Lange støtta plasseringa av partihuset. Pedersen skreiv til og med at «N.S. huset bør flyttes»,<sup>46</sup> men det var lite BSR-leiaren kunne gjøre med vedtaket. Det interessante her er likevel å stoppe opp ved kven det var som overprøvde vedtaket i bygningsrådet i Bodø. Det var ikkje Luther/Stephan, Albert Speer, BSR eller Innenriksdepartementet, men den lokale ordføraren frå NS i Bodø.

Eit anna poeng som riv ned kritikken som vart ført mot Bodøs gjenreisingsplan og BSR, heng saman med planarbeidets endelikt under krigen. Det vart nemleg lagt i møllposen under okkupasjonen. Tyske styresmakter hindra sivil oppbygging, fordi stadig større delar av det nedbrente



Bodø, 1951. Byen vart framtidretta og moderne. I framgrunnen «en av det nordlige Europas vakreste og nyttigste skoler». I bakgrunnen eit nytt bysentrum i emning, arkitektonisk sett nokså likt det ein elles såg i gjenreisingsbyar som Steinkjer, Kristiansund og Vadsø. Dette vart alle byar som utstrålte den sosialdemokratiske velferds- og likskapstanken i etterkrigstidas Noreg.

Foto: Postkort frå Mittet, digitalisert av Henry Kristiansen

området vart innlemma i den tyske militærsonen, med eit resulterande byggeforbod. Det vart ikkje lagt vinn på å opparbeide gatenett eller klårgjøre bustadstrok i tråd med godkjente reguleringsplanar før etter krigen. Det var ein skjebnens ironi at nettopp Luftwaffe stilte seg i vegen for gjenreisninga. Først la dei bysentrum i grus. Så sikra dei at det skulle vere ein ruinhaug i fleire år framover.<sup>47</sup>

Bodø vart ein sentral del av «Festung Norwegen», den tyske atlanterhavsvollen

som skulle strekke seg som eit perleband av jernbetong mot allierte angrep frå vest mellom Barentshavet og heilt til Biscaya.<sup>48</sup> Byggematerialane i Bodø skulle nyttast til oppbygging av bunkeranlegg, festningar og fort, ei tankgrav midt i bysentrum, luftvernstillingar og ein militær flyplass.<sup>49</sup> Heller ikkje i Frankrike valte dei tyske styresmaktene å bygge opp att byar som Gien. Det vart sett på som feil ressursbruk å tillate oppbygging av bustader og sivi-

42 Aas, 2001, s. 480

43 Kristoffersen, 1990, s. 13

44 Kristoffersen, 1990, s. 13

45 Kristoffersen, 1990, s. 13-14

46 Kristoffersen, 1990, s. 14

47 Svendsen, 1989, s. 91

48 Rolf, 1983

49 Om festningsbygging i Bodøområdet: thomaslillevoll.net/index.php/1152734



le bygg kloss oppi dei militære anlegga før kamphandlingane var slutført, og krigen vunne.<sup>50</sup> Storparten av bunkerane vart bygd etter 1942, og dei vart fordelt både på byen og det nære omlandet i Bodin.<sup>51</sup> Midt i byen vart det murt og jobba på spreng for å styrke forsvaret av Bodø-halvøya.<sup>52</sup> Øvst i Storgata, med god sikt ut mot hamna, kom det opp ein godt befestet betongkloss. Fleire av dei husa som hadde blitt skåna frå brannen i 1940 måtte også bort. Dei vart slått ned for å sikre kanonstillingane og utsynet mot havet, der ein eventuell invasjonstyrke kunne komme. Alle ressursar gjekk til militære formål. Som andre tyske militære støt-tepunkt langs kysten frå Barentshavet til Biscaya, inngjekk Bodø i Hitlers plan for å sikre sitt tusenårsrike. Sivilbefolkninga i dei okkuperte landa langs Atlanterhavsvollen måtte lide for hans paranoia.

### FRIGJØRING OG NYE KOSTER

Då krigen var over i 1945 kunne arbeidet med Bodø byplan takast opp att. Arkitekt Claus W. Kamstrup kom inn i reguleringsarbeidet i Bodø kommune i 1945. Han var del av det regimeskiftet som skjedde i BSR etter frigjøringa. Store delar av leiinga og arkitektane vart bytta ut eller avslutta engasjementet sitt, fordi BSR var diskreditert gjennom si samarbeidsline under okkupasjonen. Kamstrup meinte på si side at tyskarane ikkje utøvde nokon «nevneverdig direkte innflytelse av varig art på planen» for Bodø. Det var særleg eit moment som

hindra slik påverknad, nemleg deira eige byggeforbod. Gjenreisinga måtte vente, og etter krigen vart det bestemt at kyrkja skulle reisast nettopp der ho hadde vore, og der bygningsrådet ville ha henne opp. Partihuset til NS måtte vike. Mye av kritikken mot planen fell derfor bort, all den tid heller ikkje innvendingane frå Stephan og Luther mot flate tak vart avgjort av BSR eller Albert Speers koryfear. Kritikken mot Bodøs byplan baserer seg dermed i hovudsak på eit ideologisk-moralsk oppgjør mot ein norsk byplannestor, Sverre Pedersen, ikkje mot byplanen i seg sjølv.

Det fanst ideologiske grunnar til at okkupasjonsmakta ikkje blanda seg så sterkt inn i byplanarbeidet. Helga Tvinnereim har peikt på at okkupasjonsmakta mellom anna rekna den norske kulturen som høgtståande, og at den såleis ikkje trong noka nyordning. Kulturen var akseptabel. Ein annan grunn til mangel på intervensjon var at dei brente byane var små samanlikna med øydelagde tyske storbyar. Bodø kunne ikkje samanliknast med Berlin, der Albert Speers arkitektoniske nyordning skulle symbolisere restaurasjon og gjenfødning av tysk kulturliv. For det tredje var nasjonalsosialistane positivt innstilt til den norske småbystrukturen. Nazismen var storbyfiendtleg, og det tyske folk skulle helst bu desentralisert, i nær kontakt med jord og natur. Det passa med ideologien bak norske byplanmiljø i mellomkrigstida, som Bodø vart vidareutvikla innafør; hagebyen. Både Kristofer Lange og Sverre Pedersen kunne passe inn Bodø-planen i ein nasjonalsosialistisk småbyideologi, utan at byen vart nasjonalsosialistisk prega av den grunn. Dette



Storgata, 1960. Då journalisten Jørgen Juve besøkte Bodø etter krigen, skildra han ein yngre, velkledd generasjon flanerande rundt i Storgata, utan å reflektere over 27. mai 1940. «De er fremtidens mennesker som ikke ønsker for lange historier om det Bodø som var», meinte han.

Foto: Mittet/Arkiv i Nordland, NA139 Sundem

var jo allmenne idear som britiske Ebenezer Howard også stod for.<sup>53</sup>

Trass i ulik historisk bakgrunn, ulike klimatiske, topografiske og næringsmessige forhold og forskjellar i byggetradisjonar i dei krigsskadede byane, var det fellestrekk med omsyn til gjenreisingsarbeidet. Det var for eksempel eit gjennomgåande ønske om å gjenreise byane etter i hovudsak det gamle gatemønsteret frå den gamle byen. Det ville bli billegare og føre til

raskare gjenreising.<sup>54</sup> I hovudsak heldt ein altså på den gamle bystrukturen. Dei fleste byane vart dessutan prega av Sverre Pedersens idé om at kvar by skulle ha sin opne plass, tilpassa natur og terrengforhold, helst med utsikt mot et karakteristisk landskap, gjerne som fond i enden av plassen eller gata. Byane skulle halde på småbypreget, og bygningane skulle vere låge. Dette var i tråd med tankane bak byplanane frå Bodø i 1920-åra. Sjølv om

50 Clout, 2000

51 Om festningsverk i Bodø: thomaslillevoll.net/index.php/613482

52 thomaslillevoll.net/index.php/1152734

53 Tvinnereim, 1990, s. 15-16

54 Tvinnereim, 1990, s. 16-17

det fanst ein del lokale tilpassingar fekk likevel planane nokre overordna felles-trekk. Byane skulle ha ei indre sone med murbygningar og retningslinjer for takvin- kel, husstorleik, gjerdehald, hageanlegg og så vidare. Det var eit ideal at byen vart behandla heilskapleg og det ga utvilsamt dei gjenreiste byane eit visst tidsbestemt fellespreg, på same tid som dei fekk indi- viduelle karakterdrag.<sup>55</sup>

### RESEPSJONEN AV DET GJENREISTE BODØ 1945-50

Mange såg med vemod på den nye byen som kom opp i Bodø etter 1945. Ein av dei lokale uttalte det slik: «En må nesten si at vi døde da vi hadde overlevd de to verdenskriger. Uendelig fjernt bak i tida ligger «våre dager». Våre solfylte, glade dager. Bare våre egne forstår oss i denne *fremmede by*, hvor alt snart bare er nummer. Det er jo også sånn det skal bli etter åpenbaringen».<sup>56</sup> Det nye Bodø hadde ikkje den typen sjel som hans gamle Bodø by hadde hatt.

Mange års ordførar i Bodø, Haakon Koch vektla på si side moderniseringsper- spektivet og framtidstenkinga i gjenreis- inga: «[...] man kan også si at etter brannen vil byen bli oppbygget mer rasjonelt – bedre tomtefordeling, større hus blir opp- bygget i byens centrum, større pakkhus, bedre gater – spesielt Sjøgaten blir den store trafikkgate langs havnen og bragt i god forbindelse omkring jernbanesta- sjonen [...]» Gjenreisninga av bysentrum skapte for Koch eit «flottere» sentrum

«med tipp-topp moderne butikker».<sup>57</sup>

Han fekk støtte frå fleire andre i det synet. Då *Dagbladet*-journalisten Jørgen Juve kom heim til Oslo frå sine mange reiser i Nord-Norge på slutten av 1940- og 1950-talet, var han stor-imponert over den arkitektoniske metamorfosen nordpå. Særleg fekk Bodø «førstepris», som han skreiv det. Gjenreisninga var gjennomført «dristig og vellykt». *Dagbladet* hadde tid- leg ytra seg skeptisk til pengebruken ved gjenreisingsprosessen i Bodø, og spådd både «konkurs og stygge nederlag». No hadde pipa ein annan lyd. Byen var «mer effektiv og vakrere enn før», konkluderte Juve blant anna.<sup>58</sup> Han skildra ein yngre, velkledd generasjon flanerande rundt i Storgata: «De er fremtidens mennesker som ikke ønsker for lange historier om det Bodø som var», meinte Juve, og la til: «De har ikke sett gamle bydeler, de bor i moderne 2 og 3 roms leiligheter med bad og radio, de går på en av det nordlige Europas vakreste og nyttigste skoler, [...] de har kanskje kusiner og fettere i Tromsø og kan ikke forstå etter besøk der oppe at mennesker kan bo så trangt og uhy- gienisk.»

Juve våga dessutan å stille det kjet- terske spørsmålet til byens ordførar, Leif Aune senior: «Når vi nå var så uheldige å få byen bombet sønder og sammen, fekk vi ikke da en bedre og renere by tilbake?» Aune understreka kor glad han vart kvar gong han kom til Bodø, etter å ha sett «hvorledes de andre har det». Ein britisk gjest hadde spurt ham om kor byens ar- beidarbydel var. Då forklarte Aune trium-

ferande at det verken var noko «Eastend» som i London, eller arbeidarstrok med dårlegare bustader. Aune hadde fortalt at kvinna som kvar dag kom for å vaske hus- været hans budde «like godt som Aune». Sosiale forskjellar frå før-krigsbyen var i ferd med å bli meir utviska. Bodø var på full fart inn i det den kjente historika- ren Francis Sejersted karakteriserte som «sosialdemokratiets lykkelige øyeblikk». Med det sterke Arbeidarpartistyrete etter 1945, og ein statsregulert kapitalistisk økonomi, vart velferdsmål og moderni- seringstiltak gjennomført, gjerne med allmenn tilslutning også frå andre parti.<sup>59</sup> Dermed vart nasjonsbyggingsprosjektet ståande over partipolitikk, og slik vart gjenreisninga av Bodø og dei andre krigs- herja byene sjølve inkarnasjonen på det

nye, byggande prosjektet. «Det sosialde- mokratiske øyeblikket» bestod derfor i å syne at det nye Noreg fekk dei nye byane opp, skinnande og moderne, som fugl Phønix av asken. Nokon mønsterby for «Albert Speers fascistiske scenografi til ly mot været», vart Bodø i alle fall ikkje.<sup>60</sup>

**Steinar Aas (f. 1965) er professor i historie ved Universitetet i Nordland og har særlig forsket på moderniseringsprosesser i Nord-Norge. Han har også arbeidet med 2. verdenskrig og har skrevet byhistoriene til Bodø og Narvik for perioden 1890-1950.**

<sup>59</sup> Sejersted, 2005

<sup>60</sup> *Dagbladet*, 5. juni, 1954

### LITTERATURLISTE

BERG, OSCAR (RED.): *Folk og hus i gamle Bodø*, Bodø, 1984

BUTENSCHØN, P.: «Fra gjenreisning til nyreisning», *Byggekunst*, nr. 5, Oslo, 1980

BUTENSCHØN, P.: «Hvem var B.S.R.s kontrollør», *Byggekunst*, nr. 5, Oslo, 1980

BUTENSCHØN, P.: *Byen. En bruksanvisning*, Oslo, 2009

CAPROTTI, F.: «Malaria and technological networks: medical geography in the Pontine Marshes, Italy, in the 1930s», *The Geographical Journal*, 172 (2), 2006

CLOUT, H.: «Place Annihilation and urban Reconstruction: The Experience of Four Towns in Brittany, 1940 to 1960», *Geografiska Annaler. Series B, Human Geography*, Vol. 82, No. 3, 2000

COLDEVIN, A.: *Bodø by 1816-1866*, Bodø, 1966

*Dagbladet*, 14. juni 1954 og 5. juni 1954

DANCKE, T.: *Opp av ruinene*, Oslo, 1986

DIEFENDORF, JEFFRY: «Nick Tiratsoo, Junichi Hasegawa, Tony Mason and Takao Matsumura, Urban Reconstruction in Britain and Japan, 1945-1955: Dreams, Plans and Realities. Luton: University of Luton Press, 2002», bokmelding, *Urban History*, Vol. 31(3), 2004

FOUGNER, E.: *Norske ingeniører og arkitekter*, Oslo, 1916

BERG, O.: *Folk og hus i gamle Bodø*, Bodø, 1984

GRIMNES, O. KR.: *Bind 1. Overfall. Norge i krig. Fremmedåk og frihetskamp 1940-1945*, Oslo, 1984

<sup>55</sup> Tvinnereim, 1990, s. 19

<sup>56</sup> Berg, 1984

<sup>57</sup> Åse Klettes privatarkiv

<sup>58</sup> *Dagbladet*, 14. juni 1954



## LITTERATURLISTE forts.

- HAGE, I.: «Byplaner og bygninger i gjenreisningsbyene», *Hage, Haugdal, Ruud, Hegstad (red.), Arkitektur i Nord-Norge*, Bergen, 2008
- HUBBARD, P., FAIRE, L., & K. LILLEY: «Contesting the modern city: reconstruction and everyday life in post-war Coventry», i *Planning Perspective 18*, 2003
- JAKHELLN, G.: «Bodø og BSR fra 1940 til 1951. Hva betyr dette for dagens bybilde?», *Bodøboka 1989-90. Nordlandsmuseets årbok 1989-90*, Bodø, 1990
- KARLSEN, W.: *Da planleggingen ble politisert. Langsiktig planlegging i nordnorske byer 1965-1990*, Universitetet i Tromsø, 2008
- KRISTOFFERSEN, S. F.: *Bodø domkirke. Et monumentalbygg fra gjenreisningstiden*, Universitetet i Bergen, 1990
- Nordlandsposten*, 11. juli 1940 og 13. januar 1950
- TIRATSO, N., J. HASEGAWA, T. MASON AND T. MATSUMURA: *Urban Reconstruction in Britain and Japan, 1945-1955: Dreams, Plans and Realities*, Luton, 2002
- TVINNEREIM, H.: *Norsk byplanlegging 1920-1965. Nasjonal tradisjon – internasjonal påverknad*, Volda, 1990
- TVINNEREIM, H.: «Brente Steders Regulering og norsk byplanlegging etter krigsskadane i 1940. Heimleg tradisjon – utanlandsk påverknad?», *Bodøboka 1989-90*, Bodø, 1990 (b)
- TVINNEREIM, H.: «BSR og planlegging av norske krigsskadde byer», *Gjenreisning i sentrum, Vedlegg til prosjektrapport – foredrag m.m. fra seminaret*, Steinkjer, 2004
- TVINNEREIM, H.: *Sverre Pedersen – pioner i norsk byplanlegging*, Oslo, 2015
- NEWSOM, W. B.: *French Urban Planning 1940-1968. The Construction and Deconstruction of an Authoritarian System*, New York, 2009
- [regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/nouer/2003/nou-2003-24/5/1/2.html?id=372269](http://regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/nouer/2003/nou-2003-24/5/1/2.html?id=372269)
- ROLF, R.: *Der Atlantikwall. Perlenschnur aus Stahlbeton*, Brühl, 1983
- SEJERSTED, F.: *Sosialdemokratiets tidsalder. Norge og Sverige i det 20. Århundret*, Oslo, 2005
- STANG E.: *Norsk Bygningsrett*, Oslo, 1943
- SVENDSEN, H.: *Hjelpearbeidet i Bodø under krigen og okkupasjonen 1940-45*, Universitetet i Tromsø, 1989
- [thomaslillevoll.net/index.php/1152734](http://thomaslillevoll.net/index.php/1152734)
- [thomaslillevoll.net/index.php/613482](http://thomaslillevoll.net/index.php/613482)
- [thomaslillevoll.net/index.php/1152734](http://thomaslillevoll.net/index.php/1152734)
- AAS, S.: *Forvandlinga. Bodø bys historie bind 3 1890-1950*, Bergen, 2014
- AAS, S.: *Byen, banen og bolaget. Narviks historie bind 1 1902-1950*, Narvik, 2001

### UPUBLISERTE KJELDER:

SVERRE PEDERSENS ARKIV, NTNU UNIVERSITETS-BIBLIOTEKET: Ms-SP 376-378. Manuskripter. Ms Sp-376-378. Diverse korrespondanse mellom Pedersen og Luther

BSR-ARKIVET, ARKIV I NORDLAND: Claus Kamstrup: *Bodø byplan. Hovedtrekkene i dens utvikling og reguleringsarbeidet som er utført av Brente Steders Regulering*, 1946-51

*Kommunestyreprotokoller*, Bodø kommune, 1944-45

Taler av Haakon Koch, Åse Klettes arkiv